

Årsmelding for Kviteseid Misjonsmenighet, 2013

Året 2013 var (som vanleg) eit aktivt og spennande år! Me har ominnreia mest heile huset i tillegg til dei vanlege tinga som ein menighet bør drive med.

Femten sundagstreff har det blitt i tillegg til nokre "vanlege" møte og bønnemøte. Dei som har tala, halde andaktar og kome med helsingar kan me nemne: Øyvind Haraldseid, Kjell Arne Norum, Harald Nordgaard, Jan Danielsen, Sven Øverland, Linda A. Johannsen, Hadle Hovda, Frode Aanonsen, Trygve Wikstøl, Solveig T. Johansen, Geir Johannesen, Hallvard Hagelia, Hallvard Jørgensen, A mund Rannestad, Johan Hammerik, Ingulf Diesen, Ane Holm, Torleif Belck- Olsen, Sigrun Solvang og Olav Holm.

Men me må ikkje gløyme dei som har hatt barneandaktar heller. Dei har vore kjempebra og reine talene i seg sjølve.

Den 13. januar, vart me invitert til Kvitsund, for å vera med på "Songen frå Sion".

3. februar, hadde me Bjørn Eidsvåg kveld . Hallvard Jørgensen, Jan Haugen, Sverre Solvang, Sigrun Kvamme og Olav Holm, hadde laga ei gruppe som framførde Eidsvåg melodiar. Det gjorde dei med ei utruleg innleving. Andre stader fekk og oppleva det same.

På fellesmøta i mars var det vår tur til å halde talar. Etter ein del strev, fekk me John Ultvedt. Møta var i kyrkja og han både tala og song. Ein konsert vart det og.

På den tradisjonelle påskefrokosten, palmesundag, heldt Olav Holm andakt.

4. juni var det fest på Kvitsund for åtte "ten-tro" elevar som hadde fylgd undervisninga på Fredheim sist vinter. Ida Birgit Rognsvåg, Renate Hosum Beck og Gunvor Spikkeland Holm, var med frå Betel.

16. juni avslutta me vårhalvåret med samling ute, rundt huset. Me har kjøpt inn benkar/bord og det kom mange, både små og store, som kosa seg i det fine sommarveret. Ane heldt andakt.

29. september hadde fellesmøtekomiteen stellt til sangkveld på Sundvang att. Der var det fullt hus og mykje flott sang.

20. oktober hadde me menighetsmøte.

27. oktober markera me DNM dagen. Talar da var Hallvard Hagelia.

22. desember kom Ingulf Diesen hit, slik han har gjordt kvar sundag før jol, sidan 1952. Med frådrag av dei fem åra han var i USA, som han seier. Han har nå blitt ein aldrande herre, men han kom med ei koseleg helsing og song ein sang. Det var godt gjordt og me sette stor pris på det. Sigrun heldt andakt den dagen. Etterpå hadde me jolebord med mykje god mat.

28. desember var me samla på Sundvang att. Nå til felles joletrefest.

Ellers har me hatt besøk av Unge Røyster og gruppa "Fri Flyt" frå Seljord.

Me samla inn klede til Ukraina i vår og. Dette har me halde på med i mange år nå og føler det svært meiningsfylt.

Fredagssamlingane som har vore haldne kvar sitt halvår her og på Fredheim, samlar mykje ungdom frå 7. klasse og oppover. Frå Fredheim er det Svein Heggtveit og Ingunn D. Birkeland som er leierar og vinteren 2013 var Ove Lønning Solvang med frå Betel. Der vert det lagt ned mykje verdifullt arbeid.

Passpå klubben er stadig i drift og samlar ein del unge gutar som driv med paintball i Passpå havni. Dei har samlingar annankvar laurdag. Tor Olav Aabø står for "skytinga" og Anlaug T. Solvang stiller opp med mat og held orden på økonomien ! Det er bra ! Hausten 2013 var Kåre Lønning Solvang og med.

Når det gjeld huset, har me fengje eit flott skilt på veggen ute og ein stor fin sal med foldedør, slik at me kan skilje av "veslesalen", når det trengs. Nye fine stolar har det og blitt, for ikkje å gløyme nytt kjøkken! Det gamle kontoret har blitt heilt forandra. Det har blitt fint og formålsteneleg , med ny rask oppvaskmaskin. Det gamle kjøkkenet vert nå gruppe/leikerom. Men det nyttar lite med fine nye rom, dersom Guds ande ikkje bur der !

Vårt ynskje for neste år og alle år framover er å vera ein stad der menneske tør koma inn, føle seg velkomne og bli møtt med kjærleik og omsorg. Kjærleik som bare Gud kan gje, gjennom oss !

Januar 2014

Aslaug M. Tormodsvik